

PROTOKOLL



Styremøte 2/13

Tid: **Sundag 17 mar 2013, kl 1500**

Stad: **Klubbhuset på Bømoen**

Til stades: **Brede Herheim, Birte Lothe, Trude Sviggum, Svein Øvsthus, Endre Jacobsen (pr tlf)**

Forfall: **Christina Wiig, Anna Howerski**

Frå adm: **Even Rokne (DL og referent)**

1. Orienteringssaker

2.1 Gjennomgang programplan og styringsdokument.

Styrelisar gjekk gjennom programplan og styringsdokument.

2.2 Orientering om Bømoen AS og flyplassen

BH orienterte om bakgrunn for saka. DL orienterte om status og siste utvikling. Framleis ingen kommunikasjonvilje frå Bømoen AS, men positivt med forsvarsminister som har engasjert seg og trekt attende brevet Forsvaret sendte Fylkesmannen.

2.3 Aktivitet

Klubbhus: 140 overnattingsdøger februar, omsetjing kr 35 000,-

Elevar: **Kristina Ianke** har teke over elevkontakten. 70 elevar booka inn pr i dag, med overbooking på kurs nr 1 (ved fulldriftsstart i fjor var 62 elevar booka inn). Me har 4 fleire kurs i år.

Tandem: **Kathrine Gundersen** har teke over som tandemkontakt fram til fulldrifta. Ho har ikkje tal klare endå.

Materiell: Fått tre nye Navigator elevskjermar 2x "Voss", 1x "Vossa Jazz".
Cypres 4 års kontroll utført på rigg 12, 14 og 15.

Hopping: 8 heli-løft, 2 tandemutsekkshopp for Lars/Steve + 2 tandem *EkstremUtvikling*. 1 gratis hopp på skuledugnadsgjengen.

Dugnad: Registrerte dugnadstimar pr 17/3: **190**

Trym Gram-Knutsen innrømmast *Stab II-privilegier* for allereie å ha passert 17 dugnadsdagar (*dd*).

Jonas Forthun og **Arne Nygård** er komne opp i fem *dd* kvar, og innrømmast *Stab III-privilegier*.

2.4 Økonomi

Klubben har framleis stram likviditet, men me er forbi det trangaste punktet.

Klubben fekk nyleg uventa rekningar frå *Voss Kommune* på nær kr 240 000,-. Flyplassleige 2012 på kr 35 000,- var varsla, medan rekninga for vatn og avlaup på kr 203 000,- var heilt uforutsett, ettersom akontofakturaer er betalt gjennom året. Forbruket er avlest til 4200 kbm, medan normalt årsforbruk dei siste 12 åra har vore 768 kbm i snitt. DL skal i møte med kommunen måndag.

Ein inkassosak kr 20 000,- mot *SeDet Event* v/**Didrik Åstvedt** frå 2010 er kome i retur grunna ukjent adresse. Mogeleg tap på krav.

2.5 Orientering om fulldrift frå DL **Even Rokne**

DL gav ei orientering om fulldriftsførebuingane:

- Terminlista og kursplassar oppdatert.
- Caravan er i rute, ventar på tilbod på pilotovernatting.
- Bemanning ferdig på kontorsida, avdelingsansvarlege i gang med oppbygging av rutiner, stillingsinstruksar ferdig.
- På operativ side er Skule og Tandem på det næraste ferdig, medan det er ein del manglar på Materiell og Hoppfelt. Dette vil ha full fokus dei komande vekene, og medlemene informerast straks det er klart.
- Dugnadssystem er ferdig til utrulling, og det har allereie ført til nytt skulelokale under opparbeiding. Arbeidsoppgåver vil produserast av avdelingsansvarlege via to-do-lister og adminstrerast av dugnadsansvarleg **Thomas Føleide**. Styret er særst nøgd med dugnadstiltaket.
- Fokus forøvrig vil ligge på dagsoppgjer og økonomikontroll.
- Nøkkelstab rapporterer definerte nøkkeltal kvar veke, som kvalitetskontroll mot dataene registrert i *JumpRun*.
- Kontoplan i rekneskapen og rapporteringsstruktur i *JumpRun* omarbeidast slik at ein får same talstorleiker i same kontogrunder.
- Det vil innarbeidast eitt kvalitetsmål i kvar avdeling som i tillegg skal rapporterast.
- Prof **Paul Moxnes** skal ha seminar for instruktørane, med fokus på gruppeprosessar på AFF-kursa
- Elevansvarleg – elevmotivator vil ha høgt fokus.
- For arrangementa vil me auke fokus på mellomerfarne hopparar. Årsmøtet har løyvd kr 50 000,- til idrottsatsing, og me ynskjer ha ståande lågterskeltilbod gjennom sesongen. *Ekstremsportsveko* bør tilsvarende spissast mot det mellomerfarne skittet, med fokus på konkurransar som speedstar, preskonkurranse, osv.

2.6 Møteplan 2013

- Styremøte i sesongen: **Fre 21 juni kl 1700**
- Evalueringsmøte fulldrift: **Veke 37 (10-11 sept)**
- Styremøte **Sun 22 sept (Skype)**
- Strategisamling **Fre 1 – sun 3 nov**
- Medlemsmøte **Laur 16 nov**

2.7 Ymse

Førestående investeringar:

- Flytting av pakkelt
- Nytt brannskap
- Varmekablar i vassrøyr
- *Sky-Bar*

Tilbod vil bli innhenta fortløpande.

3. Diskusjonssaker

3.1 Ingen

4. Eventuelt

4.1 Ingen

Møtet vart heva kl 1730

Even Rokne, Referent